

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 15.04.2015  
**SAKSHANDSAMAR:** Lene Lie  
**SAKA GJELD:** **Internrevisjonsrapport om internkontroll i private rehabiliteringsinstitusjonar**

**ARKIVSAK:** 2015/1411  
**STYRESAK:** **050/15**

**STYREMØTE:** **06.05.2015**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet ved årsrapporteringa.

## Oppsummering

Internrevisjonen har gjort ei undersøking av dei private rehabiliteringsinstitusjonane som har avtale med Helse Vest. Følgjande institusjonar var omfatta av revisjonen:

- Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter
- LHL-klinikkane Krokeide og Nærland
- Åstveit Helsesenter
- Rehabilitering Vest
- Ravneberghaugen Rehabiliteringssenter

**Formålet med internrevisjonen** var å undersøkje om dei private rehabiliteringsinstitusjonane som Helse Vest har avtale med, har etablerte kvalitetssystem som sikrar at tenesta oppfyller krava i forskrift om internkontroll i helse- og omsorgstenesta.

**Hovudkonklusjon:** Inntrykket er at alle dei seks reviderte rehabiliteringsinstitusjonane er godt budde til å gå inn i ein ny avtaleperiode frå 1.1.2015. Internkontrollsystema er oppdaterte, og tilsette verker å ha god kjennskap til systema. Basert på tilsendt dokumentasjon og intervju med leiing og tilsette finn vi ikkje grunn til å påpeike vesentlege feil eller manglar.

## Kommentarar

Rapporten er sendt dei reviderte institusjonane og RHF-et, og blei behandla i revisjonsutvalet 24. mars 2015.

Protokoll frå møtet i utvalet blir ikkje godkjend før på neste møte. Det vart notert at revisjonsutvalet fann grunn til å merke seg at institusjonane er definerte som somatiske, men at dei i monaleg grad òg vil ta i mot pasientar kor psykisk helse spelar ei rolle. Utvalet merka seg òg utsegn frå internrevisjonen om at det er knytt usikkerheit til kvaliteten på aktivitetstala, og om forskingsbasert kunnskap om nytteverdien over tid.

Det blir lagt opp til at det ved seinare oppfølging av rapporten, vil vere RHF-et som blir adressert, ikkje institusjonane.

Vedtak i revisjonsutvalet:

Revisjonsutvalet sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka set i verk.

## Konklusjon

Internrevisor vil følgje med på korleis RHF-et følgjer opp institusjonane i avtaleperioden og leggje fram ei sak til revisjonsutvalet på eit seinare tidspunkt.

Vedlegg: Revisjonsrapport – Internkontroll i private rehabiliteringsinstitusjonar